



Angelskår Anleggsservice  
Urhaugvegen 58  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/10088 - 22/5035

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.  
no

Dato:  
19.01.2022

## Landbrukssak GBNR 498/7 Mellingen - Rapport frå arealkontroll av produksjonstilskot 2021

### Rapport frå arealkontroll -søknad om produksjonstilskot 15.10.21

Kommunen skal kontrollera at areal og kulturlandskapstilskot til jordbruksareal er i tråd med søknad og at vilkår om vanleg jordbruksproduksjon og miljøkrava om 2 meter vegetasjonssone mot vassdrag og forbod mot inngrep i kulturlandskapet er oppfylt. Kontroll av produksjonstilskot er heimla i § 10 forskrift om produksjon.

Utgangspunkt for kontroll er i tillegg til søknadsskjema og gardskart georeferert dronefilm frå 29.08.21. Det er dei areala på Manger som ligg innanfor filmområdet som har vorte kontrollert, dvs. at det ikkje er kontrollert leigejord eller teigar som ligg utanfor det dronefilma området. Kommunen kom seg ikkje ut på stadleg kontroll då det låg snø i kontrollperioden.

**Føretaket ditt er trekt ut for kontroll fordi ein ynskjer meir fokus på areal i drift og rett utfylling av søknad om produksjons- og avløysartilskot. Føremålet med kontrollen er at den skal virka skjerpande og rettleiande for føretaket.**

GBNR	Namn føretak	Driftsform	Dato
446/10	Lasse Angelskår	Sau	2.12.2021

Disponert omsøkt areal på gbnr 446/10 er 8daa fulldyrka.

Landbrukseiendom mer	Eier	Sone	Fulldyrket	Overflat edyrket	Innmark sbeite	Totalt disponert areal	
4631-439/2 <a href="#">Kart</a>	Marielle Morken Vetås	5B	14	52	43	109	<a href="#">Vis markslag</a>
4631-446/10 <a href="#">Kart</a>	Eldbjørg Johnsen Hvidsten	5B	8			8	<a href="#">Vis markslag</a>
4631-498/7 <a href="#">Kart</a>	Hans Aasmund Mellingen	5B	1	16	5	22	<a href="#">Vis markslag</a>



Vanleg jordbruksproduksjon	Arealkontroll	Ja/Nei	Kommentarar
<b>Arealet er hausta/beita</b> - minimum 1 gong i vekstsesongen	- er det utført gjødsling, slått/beiting, jordarbeiding, -såing, plantevern e.l	Ja	Det er klare teikn til drift av areala og ein tydeleg grønfarge.
<b>Drifta har næringsmessig preg og god agronomisk praksis</b> -Arealet skal ikkje skilja seg vesentleg frå området rundt	Framstår arealet som i drift/ stelt?	Ja	Ser ut til å vera i god hevd
<b>Areal ute av drift</b> -er det noko areal ført som ute av drift på søknaden	Ser arealet ut som det ikkje har vorte slått/beita i vekstsesongen	Nei	Ikkje teikn til at arealet er ute av drift på bakgrunn av dronefilm/flyfoto.
<b>Miljøkrav – kulturlandskap</b> Inngrep som t.d. fjerning av steingardar, sprenging av åkerholmar m.m.	Er det gjort inngrep som forringar kulturlandskapet ?	Nei	
<b>Miljøkrav - vegetasjonssone</b> (normal hausting/skjøtsel er tillate)	Er det 2 meter vegetasjonssone til bekk, elv og vatn?		Ikkje aktuelt fordi ligg ingen bekk på denne teigen.
( vedlikehald av opne kanalar og grøftesystem er tillate)	Er det gjødsla eller jordarbeidd, nærmare enn 2 meter frå bekk, elv og vatn		

Ut frå vurderingane av dronebilete finn kommunen at dei omsøkte areala er i tråd med vilkår om vanleg jordbruksproduksjon og miljøkrava i forskrift om produksjonstilskot og ser ut til å vera i god drift.

Då kontroll ved bruk av drone og måten kontrollen er utført på er ny for oss ynskjer me kommentarar og merknadar velkommen.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Angelskår Anleggsservice

Urhaugvegen 58

5936

MANGER

